

# Kyrkjeklokka

Nr. 3 - 2013

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

77. årgang



## Avskjed med sokneprest Kjetil Netland og familien

Søndag den 18. august heldt Kjetil Netland den siste gudstenesta si som sokneprest i Stryn for ei nesten fullsett Nedstryn kyrkje. Sterke krefter på song- og musikkfronten sytte for at det vert skikkeleg "trøkk" i både salmesong og liturgi, og helsinga frå prostiprest Sigurd Vengen var også av det humoristiske slaget. Derfor vart det ikkje ei "sørgjestund" fordi Rut Solveig og Kjetil no har flytta frå Stryn, men ei høgtid der vi gledde oss over det vi har hatt i fellesskapen med dei og tenesta deira. Og nettopp fellesskap var det sentrale tema i Kjetil si preike, fellesskap i aktivitetar og friluftsliv, fellesskap på tvers av kulturbakgrunnar og fellesskap i tru og teneste. - Side 2

## KonfAction - Norges største konfirmantleir



På KonfAction kjem vi saman til 4 dagar med idrettsglede, trusglede og livsglede i sentrum! Det kunne ikkje bli anna enn god stemning. Side 4

## Alpha-kurs i Olden og Vikane

Normisjon og sokneråda vil arrangere nytt kurs i å oppdage den kristne trua. Eit liknande kurs vart gjennomført for om lag ti år sidan og no vil vi halde fram. Side 7



## Avskjed med sokneprest Kjetil Netland og familien

Etter høgmessa samlast om lag 80 gjester til avskjedsmiddagen i Betania. Kjetil hadde på førehand ytra ønske om at det vart så få og korte taler som muleg, og det må nok seiast at dette ønsket til ein viss grad vart imøtekomme. Vi-severten for høvet var sekretæren i Loen Sokneråd, Olav R Fa-leide, og han tok på seg å sette standarden for "få og korte" då han overrekte "Æres-plaketten Heider og Vørdnad" frå dei tre sokneråda – for ti års samanhengande og aktiv teneste i Stryn Prestegjeld. Kjetil lovde å følgje rådet om at denne burde hengast på veggen på toalettet heime etter-

som det truleg er einaste staden folk oppheld seg lenge nok til å få tid til å lese heile teksten.

Talarlista var lang, og blant dei som bar fram helsingar nemner vi nokre; vara-ordførar Kolbjørn Roset som representerte Stryn Kommune, han overrekte m.a. kommunevimpelen som eit minne til Kjetil. Reidar Sørland gav eit fotografi av Rolf Taraldset sit relieff "Såmannen" som ei takksam helsing frå nabosokna til Stryn Prestegjeld. Eldbjørg Hatledal helsa frå Markane IL og understreka sterkt at det var friluftsentusiasten Kjetil dei hadde hatt

glede av – meir enn soknepresten Netland. Rune Berglid frå Stryn Kyrkjelege Fellestråd takka for det gode samarbeidet på det administrative plan, og Kolbein Fridtun var personleg og la vekt på den omtanke og omsorg dei vart viste då tragedien ramma heimen deira den 22. juli for to år sidan. Prestekollegene Jon Ytrehorn og Harald Runde fortalde om det gode samarbeidet dei har hatt og kor verdifull både Rut Solveig og Kjetil har vore for den yrkesmessige fellesskapen dei imellom. Henny Koppen takka for engasjementet i song og musikk. I tillegg til desse, gjorde fleire det klart kor allsidig aktiviteten til familien Netland har vore medan dei har budd i Stryn, ikkje minst vart det uttrykt tvil om kor vidt speidaren hadde vore oppgåande utan dei.

Gåvespekteret var vidt, frå opphald på Villa Nordangdal til strikkavottar, sokkar, blomar, ja til og med ein ljå. Til slutt påpeika Rut Solveig at ein potteplante hadde visna i Betania og dette såg så stussleg ut at ho gav ein til Anna Skrivarvik med beskjed om å passe på han, Kjetil takka alle fram møtte for at dei hadde vore med å gjere desse ti åra i Stryn til ein så triveleg periode i livet deira.



Reidar Sørland overrekkjer "Såmannen".



Kjetil viser fram "Heider og Vørdnad" frå soknerådsleiarane.



Rut Solveig kjem med erstatning for det som har visna i blomsterkassa i Betania.



**ÆRESPLAKETTEN**

**Heider & Vørdnad**  
er med rette tildelt  
cand. theol.

**Kjetil Netland**  
for  
10 års  
sammenhengende og aktiv teneste i  
**Stryn Prestegjeld**

Med alle voppslittelige smengj, silt store organisasjonstalant, si djupe psykologiske innsikt, sine sterke administratørvener og silt kameratslege vesen har han vore ei sterk drivkraft i sokneråda si drift og utvikling. Som tiltaksstyres pådrivar, empatisk modmenneske, tolmødig rettfeiar og innsiktsfull rådgjevar har han gjort arbeidet i sokneråds leittare, meir gøverikt og interessant for både dei erfarne og nybegynnarane i det kyrkjulege arbeidet.

Samae med Rut Solvøig og dei fem borna har han tilført Stryn kommune store resursar på mange felt; innanfor både song- og musikk, i speidarråda, i ungdomspolitikken og i sport, idrett og friluftsliv.

Når han no flyttar for å gå inn i anna teneste for Den Norske Kyrkja, takkar vi han for alt det arbeidet han og familien har lagt ned i Stryn og ønskjer lukke til med nye utføringar.

Nedstryn Sokneråd	Oppstryn Sokneråd	Loen sokneråd
Tore Stø - leier	Bjørn Erik Brønn - leier	Jonny Tønnessen - leier

Stryn, den 18. august 2013

# Stryningar på Noregs største konfirmantleir

20-24. juni var det endeleg klart for tur til Bø i Telemark på KRIKs Konfirmantleir KONFAction2013. 13 spente og litt nervøse konfirmantar frå Nedstryn, Olden, Loen, Nordsida og Hornindal vart med på turen, som vart ei fantastisk avslutning på konfirmantåret.

KonfAction er Norges største konfirmantleir med 1000 deltakarar og 300 frivillige ungdomsleiarar i alle aldrar. På KonfAction kjem vi saman til 4 dagar med idrettsglede, trusglede og livsglede i sentrum! Det kunne ikkje bli anna enn god stemning.

Å reise frå Stryn til Bø er ingen sviptur. Og vi starta like godt med 4 timar venting i Otta første natta, her var det "bli-kjent leikar" før turen heldt fram mot Oslo, og vidare med tog mot Bø. Etter 14 timar på

vegen, kunne vi setje opp telta i flott solskin og nydeleg vær. Dessverre fekk vi bare ei natt i første leiren vår før ekstremvêret «Geir» gjorde det slik at vi måtte evakuere til Haugesundcampen.

Dagane gjekk fort unna. Kl 9 var det morgonmøte med morgontrim, song og gode ord. Etter litt påfyll bar det av sted på forskjellige aktivitetar, til dømes fotball, vasski, frisbee og 30 andre ulike aktivitetar.

Om ettermiddagen var det klart for Bø Sommarland der dei barskaste av oss trassa regn og kaldt vær for å få utnytta badelandet mest muleg. Her trur eg vi leiarane kosa oss vel så mykje!

Om kvelden samlast alle igjen i møteteltet til lovsong, innslag med konfirmanten Jostein Bever, og flinke talarar. Som til dømes den

velkjente barnesongaren Tore Thomassen, og Sigrunn Reinholdtsen (tidlegare kateket i Stryn!) Temaet var «I dag» og det vart tala over korleis Gud bryr seg om oss «I dag!» og korleis vi kan følge Jesus «I dag». Og at Jesus er like levande «I dag» og vil ha med oss å gjere - vi alle fikk mykje nytt å tenkje på.

Og det beste med det heile var at slik varte det, i heile 3 dagar og netter. Takk for ein kjempetur, de er ein fantastisk gjeng! Gud velsigna dykk!

Helsing Leiarane

*Espen Berge, Ole Andre Aabrekk og Eirik Braadland.*



Heile gjengen. Helt bak f.v. Ole Andre og Eirik midten f.v. Espen, Magnus, Oliver, Aron, Mattias, Sigurd, Siri, Olin.

Foran f.v. Anna Sofie, Tonje, Kristine, Marte Viktoria, Astrid og Cathrine.

4 timer venting på nattåpent rom på Otta, god stemning!



Kveldsmøtane, lovsongsbandet spiller og bilder frå dagens aktivitar vises.



### Vi stilte konfirmantane nokre spørsmål etter leiren:

1. *Kva er ditt beste minne frå KonfAction?*
2. *Kva hugsar du best frå møta?*
3. *Kvifor vil du anbefale andre å reise til neste år?*

Her er nokre av svara:

#### Cathrine Breidablik

1. Eitt av dei beste minna eg har frå KonfAction var møta som vi var på i teltet. Eg likte det godt fordi det var så masse liv, morosame innslag og fine og fengande songar. Noko anna eg hugsar og likte veldig godt var aktivitetane, eg var på volleyballbana og lærte utrolig mykje. I tillegg var det utrolig gøy!
- 2.
3. Eg anbefalar andre å reise på KonfAction fordi det er ei oppleving i seg sjølv. Det å fare i Sommarland og det å møte så mange andre konfirmantar, og bli kjend med så mykje nye folk.

#### Oliver Svingeset

1. KonfAction var tipp topp. Kjekt å bli kjend med nokon utafor Vestlandet. Men det var litt mye regn og litt lite sol.

#### Kristine Tonning

1. Beste minne frå KonfAction trur eg var då alle vi frå Stryn og Nordfjord samla oss i Partyteltet og song, snakka og hadde det kjempekoseleg!
2. Det eg hugsar best frå møta var dei kule leiarane og den kule leirsongen! –
3. Eg anbefalar andre å reise til Telemark på KonfAction fordi det er eit dødsbra arrangement, sosialt, blir kjent med andre og får nye venner. Det er samtidig lærerikt med tanke på det du lærer på aktiviteten du vel.

#### Marthe Victoria

1. Beste minne trur eg var på miljøtorget og aktiviteten.
2. Frå møta hugsar eg godt talene, songane og den utrolig fantastiske stemninga der.
3. Eg anbefalar andre å reise til neste år fordi det er ei oppleving for livet, det er noko av det kjekkaste eg har opplevd.

#### Ukjent

1. Når Eirik song i dusjen
2. Hugsar best frå møta; innslaga med Jostein Bever.
3. Det er 4 kjekke dagar der du får drive med favorittidretten din og etter det får du gå i Sommarland om du vil. I tillegg blir du kjent med ein del nye folk.

*Tekst og foto: Espen Berge*

### Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Olav R Faleide,  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsfører/abonnement:  
John Selmer Skiftesvik,  
6788 Olden, tlf. 57873385  
[john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 05381851054  
Bankgiro 37953005108  
Kontingenten er frivillig.  
Vi takkar for betaling og støtte.

### Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor  
Tlf. 57873556  
Mobil 91184241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, torsdag og fredag kl.10-12  
[harald.runde@c2i.net](mailto:harald.runde@c2i.net)

STRYN prestekontor  
Kateket Beate Nes  
Tlf. 57874812  
Mobil 91103134  
[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

HORNINDAL prestekontor  
Tlf. 57879833  
Mobil 94276335  
Vikarprest Sigurd Stige  
Kontortid:  
Tysdag 9–12 og torsdag 9–12

### KYRKJEVERJER

**Stryn kommune**  
Lise Katrin Hetle  
Tlf. 57874811  
Mobil 91327882  
[lise.hetle@stryn.kommune.no](mailto:lise.hetle@stryn.kommune.no)

**Hornindal kommune**  
Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf. 57879834  
Privat tlf. 57879653  
Mobil 97084120  
Måndag 8-15, torsdag 9-13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)



*Krik gensere ble en hit på leiren*



Av Jon Ytrehorn

*Tankar langs vegen ...*



## Blomane iblant oss!

*Ofte når eg ser Dagsrevyen kjenner eg at eg blir deprimert. Det er så mange triste nyheiter som møter oss. Frå utlandet får vi utan stans meldingar om krig, tortur, sjølvordsbombardar og verst av alt: små, uskulde barn som lid og døyr. Innanriks går det mest ikkje ein dag utan at vi høyrer om knivstikking, valdtekt, ran og økonomisk triksing. Det å stadig bli møtt med slike nyheiter gjer noko med oss.*

SKULLE VI LA alt elende som vi les og høyrer om gå inn på oss ville vi knekkje saman. Det er naturleg at vi stengjer av Ja, det er faktisk nødvendig også, elles ville kjenslevet vårt bli forflata. Men å stenge av er ikkje nok. Vi treng eit mottrykk til å kunne møte alt det destruktive med. Vi treng blomane i blant oss, for å bruke eit poetisk uttrykk.

UTRYKKET "Blomane i blant oss" hentar eg frå forfattaren Phil Bosmans. I boka "Kjære medmenneske" har han ein meditasjon: "Hvor har det blitt av blomstene!" Her undrar han seg over kor lett vi har for å la det dramatiske og destruktive fylle dagane vår, medan vi ikkje ser blomane? Og med blomar tenkjer han på dei små ting i kvar dagen: Eit smil, eit varmande ord, ei hjelpande hand, ei handling prega av omtanke for andre. Forfattaren utfordrar oss til å opne augene for det vi ser av slike blomar

*Si meg, hvor er det blitt av blomstene?  
Livsgledens blomster, blomstene i de vakre og de gode tingene  
i fjernsynsnyhetene, dagsavisen og de vanlige samtalene?  
De er døde og visnet i en lavine av beretninger  
om hat, vold, mord, store og små skandaler.  
Ingen har sett blomstene. Ingen har hørt om dem.  
De er visnet og drept i dokumentmappene til sensasjonsspekulanter  
og på leppene til ulykkesprofetene.  
Si meg, hvor der det blitt av blomstene?  
Blomstene i våre små oppmerksomheter mot hverandre.  
Blomstene i vår gavmildhet mot hverandre.*

*Phil. Bosmans i boka "Kjære medmenneske"*

på vår vandring. Eller som Ole Paus seier det: Å øve oss i å sjå på menneske vi møter "med innsiden av hjertet vårt"!

EG HAR LYST til å dele nokre grep som eg har prøvd å øve meg på. Nemleg å leggje merke til menneske som – gjerne i det stille - utfører handlingar til glede og inspirasjon for andre. Det ligg mykje energi i å vere vaken for menneske som spreier glede, og som derfor kan inspirere oss til det same. Nokre eksempel:



***Vi treng eit mottrykk til å kunne møte alt det destruktive med. Vi treng blomane i blant oss!***

I BLANT har eg andakter på Omsorgs-sentra i Stryn og Hornindal. Eg prøver å få tid til ein prat med ein eller fleire av pensjonærene. Når eg spør korleis dei opplever dagane kjem det fram mykje glede. Mange er så takksame for helsepersonellet som midt i ein travel kvardag gjer sitt beste for å gje dei pleie og omsorg. Dette er noko vi andre også ser. Eg vil kalle dei "Blomane i blant oss"

NÅR EG køyrer omkring i bygdene her i Indre Nordfjord ser eg kanskje menneske som er ute på trilletur med ektemaken i rullestol. Og eg tenkjer: Så flott at det finst personar som viser slik truskap mot sin kjære.

Så vakkert eit uttrykk for det JA ein har gjeve om å vere trufaste mot kvarandre også i dagar då det røyner på. Takk de som trillar på dykkar kjære: De er blomane i kvardagen!

I SENTRA i Stryn og Hornindal ligg bygga som hyser både kommuneadministrasjon og NAV. Vi er ofte flinke til å kritisere slike. Og vi har lov til og plikt til å ta fram det som måtte vere kritikkverdige. Men er vi like flinke til å gje uttrykk for det som er rosverdige? Det same spørsmålet kan vi stille

oss når det gjeld andre etatar. Og når eg køyrer forbi barnehagar og skular der born leikar og ropar og sparkar

football så tenkjer eg: Så takksame vi kan vere som bur i eit land der born trygt kan utfalde seg og kan leggje seg trygt til å sove om kvelden.

DET ER spennande å leite etter blomane i blant oss. For dei er der, og dei er mange. Og når vi legg vekt på dette som eg vel å kalle positiv observasjon, trur eg to ting vil skje: Det første: Vi blir meir opptekne av å takke enn av å kritisere. Det andre: Vi får lyst til å gjere noko med det som er mangelfullt, uheldig og uverdige. Ikkje berre snakke om det, men handle. Slik kan blomane i blant oss bli eit mottrykk mot det destruktive både rundt oss og i oss. Og slik kan dei bli ei inspirasjonskjelde som hjelper oss til å gjere kvarandre rike på glede.

*Auget er kroppens lampe.  
Er auget ditt klart, er det fordi kroppen  
er fylt av lys.  
Men er auget ditt sjukt, er det fordi  
kroppen er fylt av mørker.  
Er no lyset i deg mørker, kor djupt blir  
ikkje mørkret då?*

*Jesu ord i Bergpreika,  
Matteus 6, 22-23.*

## Høyr om ALPHA-kurs...?

For omlag 10 år sidan vart det gjennomført ALPHA-kurs i Indre Nordfjord.

No ønskjer vi å ha nytt kurs i området Olden/ Vikane.

Det er Normisjon og sokneråda som vil stå som arrangør – og kurset vil starte i januar 2014.

Kva er så ALPHA-kurs?

Det er eit «lågterskel»-kurs for alle som er interessert i å oppdage kva kristen tru handlar om. Det består av 10 samlingar med eit måltid, undervisning og samtale i grupper. Deltakarane blir tekne på alvor med sine tankar og spørsmål – ingen spørsmål er for store og ingen for små...

I tillegg til samlingane blir det også arrangert ein weekend-tur.

Kven passar egentleg ALPHA-kurset for?

- For alle, men særleg for den som vil utforske den kristne trua,

- for den som er ny i kyrkjelyden/ forsamlinga, eller den som som rett og slett vil friske opp att basiskunnskapane sine.

ALPHA-kurset er eit godt utprøvd konsept. Det vart starta i England, men blir no

brukt i meir enn 160 land. Det er opplyst at meir enn 16 millionar menneske - verda over - har gått eit ALPHA-kurs. Så det er verkeleg å ANBEFALE!

Denne orienteringa vel vi å gå ut med allereie no – sjølv om kurset først startar opp i januar. Dette for å motivere folk i Olden/ Vikane-området til å ta kurset inn i planlegginga av vårsemesteret – gjere det kjent for andre, og snakke med vener og kjende – og invitere dei med på ALPHA-kurs!

Meir informasjon om påmelding og andre detaljar vil kome lenger ut på hausten. Imens – TENK på det...!

For ALPHA-kurs-komitéen  
Arild Aabrekk



# Alpha

## Dåpsgudsteneste utanom kyrkjetid?

### Ei kort orientering.

I blant får vi prestar spørsmål frå dåpsforeldre om det går an å ha dåpsgudsteneste utanom kyrkjetid. For eksempel på ein laurdag ettermiddag. Bakgrunnen for spørsmålet er gjerne at dei oppsette datoane for gudstenester i den lokale kyrkja ikkje passar for familie og fadrar.

Dåp er ei kyrkjeleg handling i tillegg til å vere ei familiehandling. Barnet blir døypt inn i ein kyrkjelyd, og både foreldre, fadrar og kyrkjelyd ved dåpen får eit ansvar for å hjelpe barnet til å leve og vekse i den kristne

trua. Derfor høyrer dåp heime i ei gudsteneste, anten i kyrkja der ein bur eller i ei av dei andre kyrkjene i prestegjeldet. ( At det blir vist til nabokyrkjer for dåp vil nok bli meir vanleg no framover pga den prekære prestemangelen i Indre Nordfjord.)

For ein del er tanken på barnedåp i ei anna kyrkje i prestegjeldet framand. Når foreldre vegrar seg og spør om dei kan få ha eiga dåpsgudsteneste er svaret at det kan dei få, men då på visse vilkår: Dei må sjølve ordne med prest og organist/musikar og vere villige til å be-

tale for slike tenester. For dette er tenester som kjem utanom dei faste gudstenestene som dei tilsette har ansvar for å gjennomføre. Dåpsforeldra må og vere budde på ekstrakostnader knytta til leige av kyrkja. Ein ting til: Som hovudregel skal dåpsgudstenester kunngjerast og vere tilgjengelege for andre i bygd og kyrkjelyd. Slik er i kortform regelverket i Den norske kyrkja.

*Harald Runde og Jon Ytrehorn*

## Offisiell opning av den nye rullestolrampen ved Hornindal kyrkje:

Mange var møtte fram då vi hadde offisiell opning av den nye rullestolrampen ved Hornindal kyrkje søndag 14. juni. Spesielt inviterte var rullestolbrukarane i bygda, og 97 år gamle Olga Tomasgard stilte opp for å klippe snora som markerte den offisielle opninga. Tomasgard er pensjonær ved Hornindal Omsorgssenter og avhengig av rullestol.

Rampen er bygd på dugnad under kyndig leiing av vikarprest Sigurd Stige, er verkeleg noko å vere stolt av. Å finne frivillige til dugnad tok diakonitvalet med Jon Ytrehorn i spissen seg av.

Soknerådet har i fleire år planlagt å byggje rullestolrampe. Teikningar og godkjenning hadde vi, men fyrst då Sigurd tok til som vikar og fekk oppleve problemet med å varme opp kyrkja i vinter, vart det fart i planane. Han teikna og tenkte, søkte råd og rettleiing med dei som har greie på varmpumper, og - ”vips” så stod vi der med ei ny løysing det gjekk an å kombinere rullestolrampe og rom for utedelar til varmpumpe.



97 år gamle Olga Tomasgard saman med sonen Amund er klar til å klippe snora. Til venstre ser vi Sigurd Stige og leiar for fellesrådet Elsa Aslaug Ommedal og til høgre soknerådsleiar Ole Andre Dahl. (Foto: Jon Ytrehorn)

Graving og støyping i grunnen vart gjort før telen gjekk. Dugnadsgjengen stilte villig opp, men Sigurd gjorde mykje av jobben åleine. Vi kunne sjå han i arbeid både tidleg og seint.

I gudstenesta etter den offisielle opninga var det m.a. musikk ved ”Rampegutane”, der også ein del av dugnadsgjengen er med, og søstre Christine Helgesen Hau-

gen og Marta Elise Helgesen song og spelte piano.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi og høve til å studere det ferdige arbeidet, både løysinga ute og plasseringane av varmpumpene inne.

Deler av dugnadsgjengen.

Framme: «Rampegutane» Nils Jakob Haugen, Anders Hjellbakk, Inge Asbjørn Haugen, Kåre Tvineim og Arne Haugen.

Bak: Lars Andreas Tommasgård, Ole Dahl (soknerådsleiar), Sigurd Stige (vikarprest og dugnadsleiar), Lars Jonny Nygård og Ola Are Ytrehorn.

Idar Nygård, Bjørn Inge Lødemel, Atle Tommasgård og Harald Honningsvåg frå dugnadsgjengen var ikkje til stades. (Foto: Jon Ytrehorn)





# Sportsgudstenesta i Ljosheim Kapell 28. april.

Etter ei høgtideleg Gudsteneste i Kapellet med to barne-dåpar, festpynta dåpsfamiliar og kyrkjelyd, var det samling på kyrkjebakken.

Folk fekk gratulere, og snakke med kvarandre. Så vart det utfukt og trim med sekk og termos opp gjennom lida frå Aaberg til Jakobsbu.

Fin utsikt over nedre Oldedalen og Oldevatnet som endeleg vart isfritt etter ein lang og kald vinter

Her er dei fem første, pluss fotografen. Fleire kom etter, og nokre var så gira at dei gjekk ei ekstra sløyfe. Kaffien og innhaldet i sekkane vart delte på Jakobsbu før turen gjekk ned same vegen. Ein veldig kjekk tur vart det. Jakob.



## Stryn barnekor treng nye leiarar.

Som dei fleste veit, har Stryn barnekor sin dirigent, Rut Solveig, flytta frå bygda, og koret står no derfor utan musikalsk leiar. Ein treng også leiarar som kan vere med og gjere andre oppgåver, så kjenner du nokon som kan tenkje seg å vere med å gjere ein slik jobb, eller kan du sjølv tenkje deg å gjere ein liten eller litt større jobb i koret, ber vi om at du tek kontakt med kyrkjekontoret (57 87 48 12) eller Nedstryn sokneråd (tlf 91165703), slik at koret kan leve vidare. Det er ein gjeng med song-glade, kjekke ungar som gjerne vil fortsetje med sin friske og glade song.

*Helsing Åshild Ulvedal Bøe*

## Solveigs beste:



*Duken bredes, bordet prydes, kager, the og hygge bydes, thi i huset råder fred, tro og håb og kjærlighed.*



# 50 år etter ulukka i Oppstrynsvatnet

Eit skriv etter Åslaug Glomnes

Før jul stod det noko i Fjordingen som eg stogga ved; Det stod noko om den hendinga i Oppstrynsvatnet den 27. februar 1963.

Men, dette er ei gladmelding, trass alt. Nokre seinare, truleg i 1967-68, budde eg i Florø og hadde arbeid der då. Der vart eg kjend med ei dame, vi kallar henne "Fru R", og ho fekk no vite at eg òg kom frå Stryn.

Bodil, Bjørg og Magnhild var konfirmerte 2. mai 1962, altså året før. Gerda var nokre år eldre, tente på Flo og kom "nordafra".

"Dei hadde si barnetru! Dei viste vegen! Dei døydde!"

Eg trur vi alle har godt av å få vite dette, og dette kan og vere ei helsing til Harald som var med på denne turen i måneskin.

"Fru R" fortalde at ho hadde ein son som var dykkar, og han fekk bod frå Oppstryn om å kome og finne desse fire jentene som ver der ned i djupet. Då han kom heimatt til Florø etter at oppdraget var utført, fortalde han om dette om lag slik: Dei fire jentene låg ikkje som stokkar på botnen, på 40 meters djupn, på langs og på tvers. Dei stod oppreiste og i ei bedande stilling – samla i ein ring.



Sommarbilde av Oppstrynsvatnet sett frå Hjelle, ikkje så langt unna der ulukka hende.

Dette var så gripande å sjå, at han visste ikkje å knyte lina kring livet til jentene, men han måtte gjere det. Ei etter ei vart dei dregne opp frå Hjelleosen.

Ingen fekk høyre om kva han hedde sett der og då, for folket der oppe hadde meir

enn nok med sorga og med å ta seg av dei døde kroppane. Det er ikkje langt mellom Tid og Æve.

(Innsendt til Kyrkjeklokka av A.K.F.)

## Invitasjon

Har de lyst å komme til den vakre leirstaden vår som ligg på nordsida av Sognefjorden?

Alværa Misjonssenter ligg vakkert til, ca 150 m. frå fjorden, 4 km. aust for Lavik i Ytre Sogn.

Det Norske Misjonsselskap eig og driv senteret.

Alt ligg på eitt plan, tilrettelagt for rullestolbrukarar. Alkoholfritt miljø, god mat og god atmosfære, høg standard. I alt er her 60 faste sengeplassar med høve til å legge inn ekstra madrassar på

nokre rom. Matsalen kan dekkast til 100. Møtesal til 70 og peisestove til 40, og alle tre romma kan slåast i hop.

Vi tek imot grupper på dagtid eller i helg eller alt etter kor lenge ein vil være.

Vi har mange leirar, konfirmanthelger, kyrkjelydshelgar, årsmøtehelgar, bibelkurs, organisasjonar, barnehagar på overnattingsbesøk, skuleklassar, familiefeingar og kurs. Av aktivitetar har vi bordtennis, biljard, minigolf, 1 trampoline, volleyballbane, fotballbane,

Sandvolleyballbane. Ved fjorden er det fin badestrand, flott fiske, og ein robåt. Fint å gå tur i fjellet og i område ved fjorden.

Gå inn på vår heimeside [www.alvera.no](http://www.alvera.no), for meir informasjon.

# Oddny under open himmel

## Vokster

Eg bruker å sjå ut over bygda før eg legg meg om kvelden og gjer meg nokre tankar. Den store, brune åkeren som vart til sådd i vår står no med grønt gras. Vi er komne ut i juli månad. No oppdagar eg at der også er sådd korn. Det har skote aks. Dei kom så fort. Alt står så velstelt og fint.

På andre sida av huset veit eg at grønnsakene står i full vokster. Karse, reddik og salat kan takast inn no. Snart er sommarkål og blomkål ferdige, for ikkje å snakke om dei etterlengta gulrøtene. Løfter eg augo, ser eg ein bognande lauvskog.

Tankar og spørsmål eg stilte meg i vår, gjer meg til skamme. Vinteren hadde vore lang og kald. Alt såg dødt ut; bærbusker utan knoppar, brun lyng og gråe bøyar. Skal tru det kjem til å spire noko i vår, tenkte eg då? Så kom eg til å lese ein artikkel om Norges største gulrotbonde på Jæren. Han fekk spørsmålet om han var bekymra. "Nei", svara. Han hadde tru på Skaparen også denne våren. "Den kristne trua er grunnleggjande i livet mitt", sa han, og han fortsette: "Vi har lov til å sende eit hjartesukk opp til vår

Herre om at Han må tenkje på oss også når det gjeld vêret."

Phil Bosman skreiv:

*Den som har frøet må så.  
Den som gøymmer det i ei lukka hand,  
den som er redd for å mista det,  
vil aldri oppleve glede ved å hausta.*

Så spirte det i år også. Vi ser vokster dag for dag. Eg har lese versa av Johannes Barstad, Eg ser deg Gud fleire gonger denne sommaren, og må sanne at Gud er Skaparen.

Vi er også skapte med eit indre liv. Får det næring og gode voksterforhold? Det er du sjølv som må syte for det.

Det er vanskeleg å beskrive det indre livet, men profetar og salmistar har gjort det ved å samanlikne det med eit tre. Profeten Jeremias seier det slik; *Velsigna er den mann som liter på Herren og set si von til Han. Han er lik eit tre som er planta attmed vatn og tøyler røtene bort at ein bekk. Då tørkar det ikkje, eller sturer om det vert tørketider, og det held ikkje opp med å bere frukt.* (Jer. 17:7)



Og salmisten skriv; *Enno i sin alderdom ber dei frukt, friske og frodige er dei!* Lat oss lengte etter fornying, utvikling og vekst i våre indre liv!

Folket i Kapernaum spurde; *Kva gjerningar er det då Gud vil vi skal gjere?* Og svaret var *Tru på Han som Gud har sendt!*

Jesus seier; *Eg er livsens brød. Den som kjem til meg skal ikkje svelte, og den som tur på meg skal aldri tyrste.* (Joh. 6:35)

## Misjonsselskapet med haustmesse 1. og 2. nov.

*På Betania, Nordfjordeid, begge dagar kl. 11 – 17.*

NMS si misjonsmesse i Betania på Eid er ei årvisst tilstelling i førstninga av november. Her er det muleg å få kjøpt heimelaga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffi og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til gode forkynnarar på bibeltimane begge dagar. Misjonsfesten laurdag ettermiddag er høgdepunktet.

Fredag 1. nov.:

Kl 11: Messa opnar  
13: Bibeltime v/ Reidar Standal  
17: Messedørene stengjer

Laurdag 2. nov.:

Kl. 11: Messa opnar  
12: Bibeltime  
15: Misjonsfest med song- og musikkinnslag, festtale og bevertning Misjonsfest

Velkomne til trivelege dagar der du støttar misjonen.

Arr: Nordfjord områdeutval av Det norske misjonsselskap(NMS)

## Misjonsstemne

(NMS)

for Indre Nordfjord  
Betania, Stryn  
Fredag 27. sept. kl 16

Ingvald Frøyen med andakt  
og misjonsinfo.  
Misjonsgåve. Kaffistund.  
Velkomne!

*Det norske misjonsselskap (NMS)  
v/ Områdeutvalet.*

## Salmen min

Av Klaus Hestenes

**Den andre songen er kanskje meir ukjend, men ein fin song:**

Brobygger, tømmermann, du ble broen for meg, bro over opprørt vann.  
Jeg vil vandre sammen med deg.

Refreng:  
Jeg vil være der du er. Jeg vil vite at du er nær. Dine ord skal lede meg, jeg vil vandre sammen med deg

Skosliter, vandringsmann, du ble veien for meg, vei gjennom ørkenland.  
Jeg vil vandre sammen med deg.

Refreng.

Korsbærer, redningsmann, du ble livet for meg, liv fram til himlens strand.  
Jeg vil vandre sammen med deg.

Refreng.

**Eg utfordrar Ingolv Muri frå Olden til å skrive om sin song.**



Eg er ingen stor songar, faktisk ingen songar i det heile. Der-

for kunne det vore freistande å sitere en ven som sa: Den songen som gjev meg mest er bordverset...

Då Olav R Faleide utfordra meg til å skrive i denne spalta, tenkte eg at det har eg lyst til. Likevel har det ikkje vore lett å finne ein song som er «min». Det er mange flotte, gode songar å velge i. Eg har difor enda opp med å dele to songar med lesarane av Kyrkjeklokka.

Den eine er ein kjend og kjær song skriven av Erling Tobiassen og tonesett av Sigurd Lunde:  
Jeg er i Herrens hender.

Dette er ein song som er grunnlaget for mi tru. Ein Gud som er med i alt, både godt og vondt, og som til slutt tek meg heim til seg. I tredje verset står det «han gir meg himlens nåde». Det er det viktigaste.

Far døydde i fjor haust. Han hadde eit «krav», og det var at på hans gravstein skulle det stå: «Alt av nåde». Og slik blei det. Eg er glad for å kunne seie det same som far.

## Eg er i Herrens hender

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.  
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.  
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,  
jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.  
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.  
Om jeg i dype daler må gå den tunde vei,  
fra himmlens høye saler hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.  
Min synd jeg stilt bekjenner for ham min høye gjest.  
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,  
for natten vil han råde med hellig guddomsakt.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.  
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.  
Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn,  
og glemt er ve og vande på vei til himlen inn.



## På kyrkjebakken

I samband med at Sogn og Fjordane fylke feirar 250-årsjubileum er det planlagt ei rekkje arrangement over heile fylket gjennom året. Vi vil gjera merksam på tre av desse der også biskopen vil vera med:

- Torsdag 19. september vert det stor jubileumsfest i Fylkessenteret på Leikanger og i Balestrand med mange offisielle representantar tilstades.
- Fredag 20. september: Framtidskonfe-

ranse i Balestrand med born og unge med fylket si framtid som hovudtema.

- Søndag 22. september er tenkt som dagen då jubileet skal markerast i kyrkjene i fylket. Hovudmarkeringa vert i Eikefjord kyrkje i Sunnfjord. 250-års markeringa for fylket fell saman med markeringa av 200-årsjubileet for kyrkja, og i jubileumsgudstenesta vil biskopen ta del saman med mellom andre fylkesordførar Åshild Kjelsnes.

# Tøffe tak i Nesdalen

Tøffe tak vart sette i sving når 40 ungdommar var samla i Nesdalen denne helga 25.- 26. mai. Roverlaget i Stryn KFUK-KFUM speideran inviterte til merkeprøve for 15-16 åringar. Roverlaget hadde førebudd seg godt på førehand med både eiga heimesveisa grill og ein flytande stove fullt innreia med både sofa og stressless. Merket som skulle takast vert kalla 24-timers-merket, og gjekk ut på å gjere mest muleg på 24 timar. Deltakarane vart utfordra på alle tenkelege og utenkjelege måtar, alt frå pannekakelaging, «styrke- og uthaldenheitsprøve», til bananfanging. Deltakarane vart belønna med toalettpapir, og vinnaren var den som samla mest i løpet av 4 timar. Rundt leirbålet var det premiutdeling, leirbålsong og andakt, og det vart mykje god stemning å spore. Turmaten heldt høg standard med taco laurdagskvelden, og egg og bacon til frukost søndag. Aktivitetane og utfordringne laurdag vart sluttmarkerte i dei seine nattetimar med brenning av medbrakt sofa, stressless, og andre artiklar som gjorde leiren særskilt heimekoseleg, og dermed hadde gjort si nytte og tent ut tida si. Vi vil takke alle for ein flott tur og ser fram til ein ny tur neste år!

*Helsing Roverane i Stryn  
KFUK-KFUM-speidaren.*





## Slekt skal følgje slekters gang



### Utvik

#### Døde:

- 3/6 Ragna Margrethe Thosassgard, f. 1912.  
4/7 Bjarne Valaker, f. 1934

### Innvik

#### Døpte:

- 2/6 Benjamin Luggenes. For.: Steffen Aleksander Luggenes og Lindis Hilde.  
2/6 Noah Årdal Fremming. For.: Kim Andre Fremming og Tine – Marie Årdal.

### Vigsel:

- 6/7 Georg Audun Kvame og Vigdis Hopland. ( Velsigning av borgerleg vigsel)  
3/8 Oddbjørn Reme og Ingunn Pedersen.

### Olden

#### Døpte:

- 16/6 Mikael Sunde. For.: Roger Sunde og Anne Louise Toftesund.  
16/6 Live Victoria Tonning. For.: Vegard Tonning og Helene Jørgensen.  
14/7 Lilly Haugen. For.: Helge Haugen og Ann Christin Haugen.  
29/7 Olai Badu Kwaasi – Eide. For.: Oddvard Eide og Amma Obeibea Kwaasi. (Døpt i Olden gam. krk.)  
4/8 Bent William Loen. For.: Oddgeir Loen og Aireen Tangcay Loen.  
25/8 Erik Berg Hagen. For.: Jan – Tore Hagen og Heidi Bergh Hagen.

### Vigsel:

- 25/5 Kjetil Engeseth og Susann Sunde.  
22/6 Andreas Skrede og Mariell Solheim  
29/6 Andreas Sunde og Anne Mykløen. (Olden gam. krk.)  
6/7 Torstein Opskar og Ingrid Eide.  
20/7 Espen Are Sæbø Larsen og Lene Andrine Høgalmen. (Ljosheim kap.)

3/8

Tomas Østerfeldt og Guro Brynestad.

3/8

Per Magne Djupvik og Audhild Elvira Eide.

#### Døde:

- 19/3 Andreas Mykløen, f. 1928.  
8/5 Jenny Amanda Vangberg, f. 1915.  
17/5 Gunnar Kristiansen, f. 1928.  
20/5 Leiv Gytri, f. 1922.  
28/7 Dagny Krogh, f. 1934.

### Hornindal

#### Døpte:

- 2/6 Elling Kristensen Fannemel. For. Eline Fannemel og Anders Elling Kristensen  
2/6 Lydia Haugen. For Hanne Beate Myrvang og Thomas Haugen  
2/6 Filip Lødemel. For. Beate Lødemel Og Endre Lødemel

### Vigde:

- 14/6 Kristi Elisabet Muldsvor og Klaus-Peter Knoth  
27/7 Elise Tverberg Nordnes og Anders Erling Eilertsen Raftenvold

#### Døde:

- 11/6 Kristina Kirkhorn f. 1922  
27/6 Ingeborg Anne Nygård f. 1926  
21/7 Ida Lillestøl f. 1922  
23/7 Erling Tomasgard f. 1919

### Nordsida:

#### Døpte:

- 23/6 Sara Skåden Hopland. For. Liv Skåden og Elmar Hopland

### Vigde:

- 20/7 Silje Veronica Bentzon og Kristian Steinsåker Roset

### Randabygd

#### Døpte:

- 9/6 Marius Sølvsberg Skrede. For. Cathrine Sølvsberg og Ove Skrede

### Oppstryn

#### Døpte:

- 26/5 Linnea Eikemo Egge. For. Olivia Eikemo og Stig Rune Egge  
23/6 Torjus Flo. For. Hanne Elise Kampesveen og Bjørn Inge Flo  
29/7 Johanna Thastum Sunde. For. Laila Thastum Sunde og Ståle Sunde

#### Døde :

- 18/5 Inga Tjellaug f. 1925  
2/6 Aslaug Glomnes f. 1917

### Nedstryn

#### Døpte:

- 2/6 Hedda Mork Sande. For. Carina Mork og Anton Sande

### Vigde:

- 12/7 Åsne Ørjasæter Breidablik og Ståle Hustoft

#### Døde:

- 26/5 Odd Aarheim f. 1921  
28/5 Alistair Pow f. 1944  
2/6 Inga Gald f. 1918  
27/6 Ruth Magnhild Bøe f. 1922  
27/6 Signe Oline Bøe f. 1925  
10/7 Eivind Sigmund Bø f. 1931  
8/8 Leif Egil Roksvåg f. 1921

### Loen

#### Døpte:

- 9/6 Ola Gunnar Ekblom Lillestøl. For. Patricia Sofie Ekblom og Reidar Lillestøl  
4/8 Bent William Loen. For. Aireen Tangcay Loen og Oddgeir Loen  
4/8 Malvin Rake Midtun. For. Mariann og Vegard Rake Midtun

### Vigde:

- 6/7 Kari Hageland Kalvatn og Helge Edinsen

#### Døde:

- 9/8 Ingebjørg Strand f. 1930



## Søndag er kyrkjedag

### Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

**15. september; 17. s i treeiningstida – Mark 5, 35-43**

Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Beate Nes. Presentasjon av nye konfirmantar. Dåp Nesodden, Lodalen 15:00 Fri-luftsgudsteneste. Ved Erling Tronvik

**22. september; 18. s i treeiningstida – Mark 1, 40-45**

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Vengen. Dåp Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Nordsida 11:00. Gudsteneste. Ved Erling Tronvik

**29. september; 19. s i treeiningstida – Luk 7, 57-62**

Nedstryn 11:00 Haustakkefest. Ved Sigurd Stige. Utdeling av 6års bok. Dåp Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Oppstryn 16:00 Haustakkefest. Ved Sigurd Stige. Dåp Randabygd 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Presentasjon av nye konfirmantar.

**06. oktober; 20. s i treeiningsstida – Matt 18, 1-11**

Loen 11:00 Haustakkefest. Ved Sigurd Stige

Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Hornindal 11:00 Haustakkefest. Ved Jon Ytrehorn og Beate Nes. Utdeling av 4 årsbok

**13. oktober; 21. s i treeiningsstida – Luk 12, 13-21**

Nedstryn 11:00 Gudsteneste Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Ljosheim 16:00 Haustakkefest. Ved Harald Runde

**20. oktober; 22. s i treeiningsstida – Luk 10, 25-37**

Loen 11:00 Gudsteneste. 175 års jubileum for kyrkja Nordsida 11:00 Haustakkegudsteneste. Ved Harald Runde. Utdeling av 4 og 6 årsbok.

**27. oktober; Bots- og bededag – Luk 15, 11-31**

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Erling Tronvik Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige

**03. november; Helgemesse – Luk 6, 20-23**

Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Vengen Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

Randabygd 11:00 Lysmesse for Nordsida og Randabygd. Ved Sigurd Stige Hornindal 20:00 Lysmesse. Ved Sigurd Stige

**10. november; 25. s i treeiningsstida – Joh 5, 1-10**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. 150-årsjubileum for kyrkja. Ved Kjetil Netland, prost Rolf Schanke Eikum og Harald Runde Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Erling Tronvik Utvik 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

**16. november; laurdag**

Nordsida 13:00 Kyrkjelydsbasar

**17. november; 26. s i treeiningsstida – Luk 13, 10-17**

Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved prost Rolf Schanke Eikum Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn

**24. november; Domssundag / Kristi kongedag – Joh 9, 39-41**

Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde Nordsida 11:00 LysVaken. Ved Beate Nes og Sigurd Stige Innvik 12:00 Konsert



**B** Fulldistribusjon

## Vedlikehald av kyrkjene i Stryn

har det vore skrive mykje om både i *Fjordingen* og i *Kyrjeklokka* dei siste par åra. Men no ser det ut til at det meste er på stell, og dei står kvite og nymåla igjen. Det viser seg at det er mykje spennande som dukkar opp når gamle målingslag vert skrelte av, og her er eit slik artig kuriosum frå Loen Kyrkje.

Einar Fredheim var kyrkjetenar i Loen frå 1968 til 1992, han døydde forresten det året han slutta i ein alder av 79 år. Ein gong kyrkja vart måla i hans tenestetid, oppdaga han at årstallet for då kyrkja var bygd var innskore i eit bord på sørveggen, heilt oppunder rafta. Ved hjelp av stige og smørpapir kleiv han opp og kopierte av årstallet 1837, og fekk støypt dei tala som sit over inngangsdøra i dag.

Det er Bendikt A. Sæten som fortel dette, og han har som vi veit vore i kyrkja si teneste lenger enn nokon annan vi kjenner – i 75 år! Han var med som ringjar første gongen som

6-åring, og også denne sommaren har han sytt for opa kyrkje i Loen i heile skuleferien. Då kyrkjebygningen skulle skrapast på utsida i samband med målinga i vår, kunne ein oppglødd og overraska målar fortelje Bendikt kva han hadde funne, nemleg "(1837)" innskore i eit kledningsbord. Bendikt hadde visst om dette, men sidan det førre målingslaget hadde dekt det fullstendig, kom det fram att ein annan stad enn der Bendikt meinte han hadde sett det den gongen.

Men denne gongen fekk Bendikt bevart dette originale årstallet frå det året Loen Kyrkje vart bygd, han fekk måla det svart og tydeleg. Sidan det i haust er 175 sidan kyrkja vart vigsla, skal dette markerast med eit arrangement seinare i haust og dette vil bli kunngjort seinare når programmet for markeringa er klart.

*Tekst: Olav R Faleide –  
Foto: Inger Rake*



*Bendikt A. Sæten peikar oppglødd opp mot sørvestveggen på Loen Kyrkje der den originale inskripsjonen frå det året kyrkja var bygd no har komme fram i dagen. Også i år har han passa på sommaropninga av kyrkja, sett etter at der er nok informasjonsbrosjyrar på sju ulike språk og opna og låst regelmessig.*

### KAFFEKROKEN



2)

Neste nummer 22. november. Redaktør blir Anna Marie Skogli Vatnamo. Stoff kan sendast på e-post til [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 5. november.